



Tveiten Maskin har gjort ein solid jobb

Tveiten Maskin frå Omvikdalen har no gjort ein utruleg solid jobb på fylkesvegen ved Djupehølen og vegen frå Kapteinsgården til Haugland er opna att for trafikk.

Det står att ein god del, mellom anna rekkverk, men no er i alle fall faren for at vegen skal gli ut i elva fjerna på ein effektiv måte. Entreprenøren har laga ein mur mot elva som er så solid at den nok også tåler 200-årsflommen!

Når vegen har vore stengt for jobben med nytt fundament har oppsittarane på Døslandsido vore nødt til å køyra på andre sida av elva. Men det har dei gjort med glede på bakgrunn av den opprusting som er skjedd og skal skje. No ventar dei berre på det nye asfaltdekket, som det verkeleg er trong for. Kjem det i neste månad?

(tekst og foto: Ola Matti Mathisen)